Vestland fylkeskommune

**INV - Forvaltning og utgreiing**
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Vår referanse** 2021/49982-2
**Dato** 14.12.2021

BYGGMESTER BJØRN RUNE KVINGE AS
Kvingebakkevegen 97
5981 MASFJORDNES

# Løyve til utvida bruk av avkjørsel - fv. 570 - gnr 3 bnr 4 - Masfjorden kommune

Vi viser til brev i frå dykk, med søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrsle frå Nautesund camping på Fv 570.

Slik vi oppfattar søknaden så gjeld dette eit bygg til servicebygg med servering på campingplassen. Det har tidlegare vore liknande tilbod på staden. Vi har vore på staden og vurdert dei trafikale tilhøva. Vi ser at det er god frisikt i begge retningar på Fv 570, slik at det vil vere oversiktleg både ved ut og innkøyring på staden. Ut i frå ei heilskapsvurdering ser vi å kunne stille oss positive til ei utvida bruk av avkøyrsla slik som omsøkt. Vedtak følgjer under :

**Vedtak**
Vestland fylkeskommune godkjenner på vilkår søknaden om avkøyrsle frå Fv 570 (S6D1 Km 09569) til eigedomen på gnr 3 bnr 4 i Masfjorden kommune. Vedtaket er gjort med heimel i Veglova §§ 40 og 43.

**Vilkåret for løyvet**
Etter ei samla vurdering av vegtekniske tilhøve og trafikksikringsomsyn set Vestland fylkeskommune følgjande vilkår for løyvet.

1. Løyve er gjeve i samsvar med *Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrsler fra offentleg veg* fastsett av Vegdirektoratet 16.7.1964 og *Forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg* fastsett av Samferdselsdepartementet av 26.02.1982.
2. Løyvet gjeld berre for staden som er nemnt ovanfor og i samsvar med godkjend skisse (vedlegg).
3. Løyvet gjeld berre for følgjande formål : Servicebygg med servering
4. Eigaren eller brukaren av avkøyrsla som løyvet gjeld for, har ansvar for at frisikt og andre krav til avkøyrsla til ei kvar tid er oppfylt, jfr Veglova § 43. Dersom dette ikkje skjer, kan løyve trekkast tilbake.
5. Det skal vere tilfredsstillande snu – og manøvreringsareal inne på eigen eigedom slik at ein unngår rygging ut i offentleg veg.
6. Løyvet gjeld berre for tilknytingspunkt til Fv 570. Privatrettslege tilhøve. Til dømes nabo- og eigedomstilhøve, må søkaren sjølv ivareta og skaffe segg rett til. Dette gjeld til dømes opparbeiding, bruk og vedlikehald av avkøyrsle, frisiktsoner og tilkomstveg. Slike rettar bør tinglysast.

Vedtaket kan påklagast, jamfør vedlagt « Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak»

Vedlegg : Prinsippskisse

Med helsing

Kari Elster Moent
senioringeniør

Sigmund Matias Bødal
senioringeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

MASFJORDEN KOMMUNE Austfjordvegen 2724